



Over: Olav Sletto-selskapet sitt styre, tidlegare styreleiar og forleggjar. F.v. Kåre Olav Solhjell, Arne Skogheim, Grethe Larsgard Rudningen, Elisabeth Aaker, Olav Randen og Britt-Mari Sletto.

# PER GJETAR

Boklansering i bokhandelen på Ål 26. oktober 2013

Foto: Eva Almhjell, Kåre Olav Solhjell og Britt-Mari Sletto

Med utgivinga av denne boka markerer Olav Sletto-selskapet:

- 50 år sidan forfattaren Olav Sletto døydde (24.10.1963)
- Språkåret 2013

Mange folk møtte fram, godorda sat laust og engasjerte aktørar gleda seg over at eit bokprosjekt som starta for to år sidan no er avslutta.



Her var folk frå bygdene, både frå hus og hytter: Høveringar, holingar, ålingar, golvingar, folk frå Leveld og Vats, frå hytter i heimfjella våre, ungar og gamle – og dei midt i myljo.

**TAKK FOR ØKONOMISK STØTTE:**

Utan støtte frå (til no) Hol Sparebank, SpareBankstiftelsen Hallingdal, Busk-Mål AS, Buskerud mållag og Hol mållag ville ikkje bokprosjektet lete seg realisere.

Olav Sletto-selskapet takkar hjarteleg!



Ein stor takk til Ingeborg Romslo, alltid tilstades og hjelpsam. Her prøver ho vera til nytte for ein kunde, og Per Ove Nybråten øver seg på å framføre utdrag frå boka (t.h.)







Olav Randen, Boksmia, ynskjer velkomen, styreleiar Eva Almhjell fortel om arbeidet med boka og litt om forfattaren, og så ser vi den som har illustrert boka med vår og fargerik hand, Anne Mari Gretteberg Gjerstad (bildet t.v. i lys genser). Bak t.h. følger Sigmund Krøvel-Velle frå Hallingdølen godt med. Bak disken står Solveig Romslo.





Endeleg! Her er boka: Rein og fin med same skrifttype som den Olav Sletto sjølv brukte – heller sjeldan, seier Randen. Og hovudpersonane sjølve: Per (Tord Torsteinsrud) og Hølgji (Erlend Opheim Berg, nederst t.h.)

Føde for både kropp og sjel – haustgrøde





Forteljaren (Per Ove Nybråten) er i gang, Per (Tord Torsteinsrud) kjem til støls med budeia Storeundra (Eva Almhjell – i svart døs) og langstaven sin, som er med over alt. Og snart melder Hølggi (Erlend Opheim Berg) frå grannestølen, Søpåstølen, seg med sprett og spring. Desse gutane får det moro saman! Boka er full av spennande ting dei finn på, og ting dei ikkje rår med, som snøstorm i sumarjullet.





- Hei, er det du som heite Per?
- Jaaa...



-Sko me gjete i lag?  
Du er vel ikkje redd tå å  
vera i følgje med ein  
som eg? ...Han var ikkje  
nokon heilagånd akkurat,  
sa han...  
Kanskje du vil vera med  
å fiske i kveld? spurde Hølgj.

Og så drog gutane på fisketur  
Og ikkje ein av dei vanlege,  
må veta.

Les meir om denne og andre  
hendingar i boka PER GJETAR







Per/Tord og Hølgj/Erlend hausta varm applaus frå m.a. Arne Skogheim, Per og Sissel Lilleslett og Britt-Mari Sletto

..og etterpå signerte Anne Mari Gretteberg Gjerstad og Eva Almhjell bøke for dei mange som ynskte det.








Etterpå vanka det  
legospel til gutane  
- og blomar til mange,  
her til ho som teikna  
så fint,  
Anne Mari Gretteberg  
Gjerstad (t.h.)

Og boka gjekk rett heim...!



Olav Sletto meiner han ikkje er til å forstå utan at ein kjenner heimfjella hans, og særleg Hallingskarvet.

**TAKK TIL ALLE SOM GJORDE LANSERINGA TIL EI FEST!**

Montasje: Eva Almhjell